



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato:

04.07.2022

Vår ref:

2022/8751

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 345/21 - Vikebø - flytebryggje - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.06.2022. Saka gjeld søknad om etablering av flytebrygge på 15 m² og vedlikehald/reparasjon av eksisterande brygge. Kommunen har ikkje tatt stilling til kva dispensasjoner som er naudsynt, men opplyser at eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Meland sin arealdel er definert som småbåthamn i sjø, og bustad på land. Det er søkt om dispensasjon frå plankravet. Vi uttaler oss om dispensasjon frå plankravet.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg til sidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjere unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjoner, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

I kommuneplanen er arealet sett av til småbåthamn i sjø og bustad/næring på land. Det er søkt om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, men kommunen må også ta stilling til om det er naudsynt med dispensasjon frå arealformåla på land og i sjø, og byggegrense mot sjø satt i kommuneplanen.

Generelle omsyn bak plankravet er mellom anna å kunne sikre ei heilskapleg, berekraftig og gjennomtenkt utvikling av området. Plankravet skal mellom anna sikre ein open og føreseieleg prosess, med god medverknad for både offentlege og private partar, jf. pbl. §1-1.

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø er klar på at avklaring av arealbruk i strandsona skal skje gjennom planlegging og ikkje igjennom enkeltvis dispensasjoner. Krav om reguleringsplan skal også tolkast strengt i pressområda.



Det er ein god del brygger og flytebrygger i området i dag. Det er ikkje opplyst om lovleg tilstand i området, men arealet som er satt med formål småbåthamn i kommuneplanen er uansett stort, og det er plass til mange fleire flytebrygger i området. Vi vurderer difor det at det er behov for ein styrt utvikling. I ein reguleringsplan kan anlegga vurderast samla, og ein kan vurdere heilsakplege løysingar som fellesanlegg. Sjølv om arealet er sett av til småbåthamn i kommuneplanen er det ikkje slik at ein skal bygge ned heile området. I ein reguleringsplan skal ein finne dei gode løysingane for ei berekraftig utvikling av strandsona til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar jf. pbl. § 1-1. Ein dispensasjon frå plankravet kan vere aktuelt om området er nærmast ferdig utbygd. Vi kan i utgangspunktet ikkje sjå at det er tilfelle i dette området. Vi viser både til storleiken på småbåthamnområdet, og merknad frå nabo i vest som har ein plan for sin eigedom, som han meiner kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket.

Ein dispensasjon i saka kan gjere det vanskeleg for kommunen å avslå liknande søknader i dette område, eller i andre område sett med tilsvarende formål i kommuneplanen. Det er viktig at ein ikkje får ein bit for bit utbygging av strandsona.

Statsforvaltaren rår frå dispensasjon i saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klageurdering.

Med helsing

Gunn Tove Nyheim
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN